

Sak 3.1 – Kontingent i Noregs Bygdekvinnelag

Sendt inn av Sand Bygdekvinnelag og Suldal Bygdekvinnelag

Innstilling frå fylkesstyret:

Landsmøte bes sjå korleis ein kan redusere kontingenten ved å redusere utgifter.

Saka oversendes Noregs Bygdekvinnelag og årsmøte i Noregs Bygdekvinnelag.

Utgreiing:

Fylkesstyret har registrert misnøye med nivået på kontingenten i fleire år. Kontingenten er no indeksregulert, og vert automatisk justert opp kvart år. Det koster å drive ein landsdekkande organisasjon. Det er betydelege kostnader til reising, drift av organisasjon og administrasjon. Med ny kommunikasjonsteknologi er det mogleg å redusere reise og møtekostnadane noko, men det vil ikkje gje store utslag på kontingenten. Skal det gjerast noko med kontingentnivået vil det bety ein omlegging av korleis Noregs Bygdekvinnelag vert drifta, og me ber årsmøte om innspel til korleis det kan gjerast.

Innspel frå Sand og Suldal Bygdekvinnelag:

Kontingentkravet for 2022 er kome. Den er nå på 715 kroner, ein auke på 20 kroner frå i fjor. Kanskje ikkje så mykje det, men kontingenten var høg frå før.

Me kjenner til at fleire av våre medlemmer no vurderer å melda seg ut av laget grunna den høge kontingenten. Me ser også at den høge kontingenten er ein terskel for mange for å melda seg inn i Bygdekvinnelaget. Når dette skjer samtidig med at det er stor nedgang i medlemstalet etter to år med pandemi og redusert aktivitet, vil det vera ganske kritisk for framtida for Bygdekvinnelaget, både sentralt og for lokallaga.

Me som har vore med i fleire år, ser at organisasjonen gjer mykje godt arbeid, og forstår at det kostar pengar. Me vonar likevel at NBK finn andre stader å henta inn den nødvendige økonomien, enn på medlemskontingenten.

Me vil be årsmøtet i RBK senda forslag til landsmøtet og sjå om det er mogleg å redusera kontingenten ved å redusera på andre utgifter.

Med helsing

Suldal Bygdekvinnelag og Sand Bygdekvinnelag